



Årsmelding 2014 KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE

Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.201 til 31.12.2014. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

Faste medlemmer:

- Arild Tveranger (leiar)
- Astrid Nordanger (nestleiar)
- Jan Tore Hvidsten
- Oddmund Skjelvik
- Eva Karin Klausen

Dei tre første varamedlemmene:

- Arvid Aasgard
- Morten Skagen
- Ragnar Floen

Utvalet har hatt 4 møter i perioden og har handsama 40 saker, inklusiv formaliasaker. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret utføre tilsyn og kontroll og rapporterer direkte til kommunestyret.

Frå og med 01.07.13 er møtene i kontrollutvalet opne møte på lik linje med andre politiske møte.

Saker i perioden

Kontrollutvalet skal gi ein uttale til kommunen sitt rekneskap. Til rekneskapen for 2013 peika kontrollutvalet på at netto driftsresultat på 2,6 mill kr utgjorde 0,7 % av driftsinntektene noko som er eit stykke unna det som er anbefalt på 3 %. Resultatet i 2013 var også langt dårlegare enn i 2012 og det er ei utvikling som bekymrar kontrollutvalet. Utgiftene til lønn og sosiale utgifter auka i 2013 auka med 7,3 %, mens inntektene auka med 5,1 %. Dette er signal som kontrollutvalet gjer at kontrollutvalet er bekymra for økonomien i kommunen framover.

Kontrollutvalet handsama ei henvending som gjaldt reguleringsplan for Bresvika. Dette er ei som ligg litt tilbake i tid, startar opp i 2001. Kontrollutvalet peika på at det er gjort sakshandsamingsfeil som gjer at saka vert uoversiktleg, dette gjeld også arkivet i denne saka. Saka viser at det er viktig at kommunen i slik saker har ein ryddig sakshandsaming og at vedtak vert gjort av dei som har mynde til det.

Kontrollutvalet hadde i 2013 ei større sak om investeringsprosjekt – vegframføring Olsvollstranda industriområde. Kontrollutvalet har fått ein orientering om status for prosjektet. Prosjektrekneskapen er ikkje klar ennå, men det vil bli lagt fram for kontrollutvalet så snart det er klart.

I 2009 fikk vart der lagt fram ein forvaltningsrevisjonsrapport som såg på etikk i Radøy kommune. Rapporten hadde nokre konkrete tilrådingar. Rådmann gav kontrollutvalet ein orientering om korleis tilrådingane i rapporten er følgt opp. Kontrollutvalet ser på dette som eit arbeid som kommunen må følgje opp kontinuerleg.

Kontrollutvalet har bestilt eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som skal sjå på, «Nav – ressursbruk og rutinar for oppfølging av mottakarar av sosial stønad i Radøy kommune». Planen er at rapporten skal bli lagt fram for kontrollutvalet før sommaren 2015.

Andre saker som kontrollutvalet har hatt oppe i 2014:

- Kommunen sitt tilsyn – campingplass – orientering ved administrasjon om status for saka
- Kommunen sin økonomi
- Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet
- Orientering om revisjonen sitt arbeid og planer for revisjon av rekneskapen
- Orientering om økonomiforvaltning og rutinar for forvaltning av bebuar og pasientrekneskapen

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.

Manger, 10. februar 2015



Arild Tveranger

Leiar kontrollutvalet Radøy kommune